

Fylkesmannen I Hordaland, komm- og samf.pl.avd.

Postboks 7310

5020 BERGEN

Vår dato: 07.02.2018

Vår ref: 2017/2178 - 3005/2018 / 46/449

Dykkar ref:

46/449 - Oversending av vedtak i kommunen vedk. Dykkar klage på løyve i eit trinn for nybygg, Biltema Heiane Vest

Klage frå Dykk på delegert vedtak i kommunen vart handsama av Forvaltningsstyret i møte 01.02.20018.

- Saka gjeld: Tolking av føresegnene til detaljreguleringsplan Heiane Vest Bruk – bruk av bygget -i samband med søknad om oppføring av nybygg for Heiane Vest AS (tiltakshavar for bygg) til bruk for Biltema AS som då planlegg å flytte frå gamle Heiane og utvide verksemda.
- Tiltaket er lokalisert i Stord kommune på: gnr. 46 bnr. 449, adresse: Meatjønnsvegen 37
- Tiltakshavar er: Heiane Vest AS
- Klagar er: Fylkesmannen i Hordaland

Forvaltningsstyret vedtok å halda fast på delegert vedtak i kommunen ved si handsaming av klagen i sak DS-475/17 og tok dermed ikkje klagen til følgje.

Klagen vart heller ikkje gjeve oppsetjande verknad slik De har bedt om i klagen. Dermed kan vedtaket nyttast og bygginga halde fram til noko anna er avgjort.

Oversendinga inneheld saka med kommunen sitt vedtak og alle relevante dokument/vedlegg, sjå dokumentoversyn.

Me ber Dykk sende saka vidare til departementet med sikte på få oppnemnt klageinstans som kan ta ei endeleg avgjerd i høve klagen.

Med helsing

Ove Jarle Skaar
sakshandsamar/tilsynsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Vedlegg:
Kopi av saksdokument

FRONTA BYGG AS Postboks 1314
HEIANE VEST AS Natrutekaien 35

STORD
STORD